



Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 26.08.2014
Vår ref.: 2014/10430-27
Saksbehandlar: karvik_
Dykkar ref.:

Tildeling av midlar til Den kulturelle skolesekken for skuleåret 2014 / 2015

Total tildeling på kr 16 435 310 til DKS i grunn- og vidaregåande skule vert fordelt slik:

- Tildeling til Bergen kommune: kr 4 650 119.
- Tildeling til resten av kommunane: kr 3 064 886. (Sjå liste nedst i brevet.)
- Tildeling til kursregionar: kr 250 000.
- Kunst- og kulturformidling i grunn- og vidaregåande skule: kr 8 470 305. (Hordaland fylkeskommune sitt program.)

Private skular er rekna med i fordelinga av midlane. Kommunar som har private skular må ta ansvar for å inkludere desse i DKS-arbeidet.

1. Mål og prinsipp for DKS

Styringsdokumenta for DKS er St.meld. nr. 38 (2002-2003) Den kulturelle skolesekken med den tilhøyrande Innst. S. nr. 50 (2003-2004), og St.meld. nr. 8 (2007-2008) Kulturell skolesekke for framtida med tilhøyrande Innst. S. nr. 200 (2007-2008).

Med utgangspunkt i departementale føringsdokument er det vedtatt følgjande hovudmål for DKS i Hordaland:

- å medverke til at elevar i skulen får eit profesjonelt kunst- og kulturtildel;
- å leggje til rette for at elevar i skulen lettare skal få tilgang til, gjere seg kjende med og få eit positivt forhold til kunst- og kulturuttrykk av alle slag;
- å medverke til å utvikle ei heilskapleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål;
- å gje born oppleveling av kunst og styrke deira eiga skaparevne;
- å styrke born si evne til å stille spørsmål, og stimulere til undring og kritisk vurdering.

Jamfør tildelingsbrevet frå Kulturdepartementet, skal DKS utformast og vurderast ut frå følgjande prinsipp:

- *Varig ordning*: DKS skal vere ei varig ordning for elevar i skulen.
- *For alle elevar*: DKS skal femne om alle elevar i grunnopplæringa, uavhengig av kva skule dei går på og kva bakgrunn dei har.
- *Realisere mål i læreplanverket*: Innhaldet i kunst- og kulturtildel i DKS skal medverke til å realisere skulen sine mål slik dei kjem til uttrykk i den generelle delen i læreplanverket og i dei ulike læreplanane.
- *Høg kvalitet*: Elevane skal møte profesjonelle kunst- og kulturtildel med høg kunstnarleg kvalitet.

- *Kulturelt mangfald:* DKS skal omfatte ulike kunst- og kulturuttrykk med røter i eit mangfald av kulturar og frå ulike tidsperiodar.
- *Breidd:* Både musikk, scenekunst, visuell kunst, film, litteratur og kulturarv skal vere representerte i DKS. Det skal vere variasjon i formidlingsmåtane.
- *Regularitet:* Elevane skal sikrast eit regelmessig tilbod på alle klassetrinn.
- *Samarbeid kultur - skule:* Arbeidet med DKS skal skje i eit godt samarbeid mellom kultur- og opplæringssektoren på alle nivå. Det skal sikrast god forankring og tid til planlegging i skulen.
- *Rollefordeling kultur - skule:* Opplæringssektoren har ansvaret for å førebu elevane, medan kultursektoren har ansvaret for kvalitet i produksjonane som vert tilbydt i DKS og for å informere om innhaldet i god tid.
- *Lokal forankring og eigarskap:* DKS må forankrast lokalt, i den enkelte skulen, kommunen og fylket. Dette sikrar lokal entusiasme og gjev rom for mange lokale variantar, slik at alle skal kunne kjenne eigarskap til DKS.

2. Andre mål og føringer (jamfør tildelingsbrev frå Kulturdepartementet)

Kulturelt mangfald skal vera eit markant og gjennomgåande trekk ved norsk kulturpolitikk gjennom den prosessen som vart starta med Mangfaldsåret 2008. DKS kan medverke til å auke elevane sin kunnskap om og respekt for kulturelt mangfald som ein positiv dimensjon ved det norske samfunnet.

Det er eit overordna mål å sikre at personar med nedsett funksjonsevne skal ha lik tilgang og høve til å delta i kulturlivet som andre, både som publikum og som aktive deltagarar. For å nå denne målsettinga bør omsynet til elevane sine ulike føresetnader og behov bli tatt med i planlegging, utforming og gjennomføring av Den kulturelle skolesekken.

Samiske kunst- og kulturuttrykk og samisk kulturarv skal vere ein integrert del av DKS. Det er ei særleg utfordring å styrke kunnskapen om det samiske blant dei som har ansvaret for DKS i Sør-Noreg. I tiltak som inneber formidling av samisk kultur, bør kommunen ha kontakt med opplæringsavdelinga i Sametinget.

Det er eit mål å styrkje både norsk språk generelt og nynorsk spesielt. Det er derfor ynskjeleg med eit visst tilbod på nynorsk også for elevar med bokmål som hovudmål.

3. Ordning for kommunar som ønskjer direkte tildeling av midlane

Dersom ei kommune eller fleire kommunar i eit interkommunalt samarbeid ønskjer å få direkte tildeling av speleidla, har dei høve til det. Kommunar som vel direkte tildeling forpliktar seg til å sikre at prinsippa for ordninga vert ivaretatt. Kommunen inngår då ein avtale med fylkeskommunen om korleis ordninga skal gjennomførast.

Kommunar som ønskjer å vera med i ei slik ordning må utarbeide plan for korleis arbeidet med DKS skal gjerast i kommunen. Planen må

- gjere greie for korleis kommunen vil sikre prinsippa for ordninga, slik dei er nedfelt i stortingsmeldinga,
- vise til eit etablert samarbeid mellom kultur- og opplæringssektoren,
- gjere greie for korleis ein vil ivareta dei ulike kunst- og kulturuttrykka, og korleis en vil møte krava om nyskaping og kvalitetssikring,
- gjere greie for korleis ein vil sikre den formidlingsmessige kvaliteten på innhaldet og vise korleis DKS er tenkt forankra i skulene med omsyn til organisering og tilknyting til den faglege verksemda i skulen,
- vise til eigen ressursbruk i kommunen, til administrasjon og til kompetansehevande tiltak,
- vise til deltaking i nettverk, både innanfor fylket og nasjonalt,

- gjere greie for korleis krav om kulturelt mangfald vert ivaretatt.

Planen må vera politisk forankra. Fylkeskommunen tar endeleg stilling til om den er tilfredsstillande, eventuelt etter råd frå Sekretariatet for DKS og Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa.

4. Vilkår for tildelinga

Kommunane må til ein kvar tid ha ein gjeldande DKS-plan. Dersom planen i dykkar kommune har gått ut, må de sende ein ny plan til HFK. De kan eventuelt forlenge den de allereie har. Det er ikkje eit krav at planen skal vera politisk godkjent, men det er naturleg at politikarane i kommunen er orientert om satsinga på DKS.

Statlege og fylkeskommunale vilkår for tildelinga, jamfør tildelingsbrev frå Kulturdepartementet og vedtak i styringsgruppa og rådet for DKS i Hordaland, 5. juli 2005 og 24. august 2005:

- Midlane skal nyttast i tråd med måla og prinsippa for ordninga, og nyskaping og utvikling av tilbod skal prioriterast.
- Midlane skal brukast til meir kunst og kultur til kvar elev i skulen. Midlane kan ikkje brukast til administrasjon. Som administrasjon blir og rekna kompetanseheving, turnélegging, nettverkssamlingar, kulturtorg og liknande.
- DKS skal vera eit tillegg til eksisterande satsingar på skule-, kunst- og kulturområdet, og ikkje erstatta noverande tiltak eller satsingar som vert finansierte med andre midlar. Midlane skal ikkje gå inn i ordinær skuleundervisning eller i allereie eksisterande skuletiltak.
- Det vert stilt krav om høg kvalitet og profesjonalitet for dei medverkande.
- Den lokale forankringa er sentral i satsinga. Som skuleeigar har kommunen ansvar for å forankre DKS i skulane i tråd med gjeldande læreplanverk.
- Kvar kommune skal til ein kvar tid ha ein DKS kommunekontakt som har som arbeidsoppgåve å utvikle skolesekken i kommunen og i DKS regionen, og som skal ha eit aktivt forhold til utviklinga av DKS i fylket.
- NB! Midlane skal ikkje nyttast til tilbod til andre målgrupper enn elevar i grunnskulen, og kan ikkje gå til å dekkje kommunen sin eigendel til Rikskskonsertane. Midlane skal heller ikkje nyttast til andre føremål, som til dømes UKM.

5. Krav om rapportering og fristar for innsending

Det er ein føresetnad for tildelinga at kommunen rapporterer om DKS-tiltaka i kommunal regi. Vidare skal kommunen levere rekneskap for verksemda. Manglande rapportering og rekneskap kan føre til bortfall av tildeling for neste skuleår.

Frå og med kalenderåret 2014 ønskjer departementet at all rapportering skal gjerast per kalenderår.

Fristar:

- Tildeling av spelemidlar skjer på bakgrunn av plan som er godkjent av fylkeskommunen. Frist for innsending av plan er 1. juni før skuleåret byrjar.
- Rapport på tiltak for *kalenderåret 2014* skal gjerast elektronisk innan 1. februar 2015.
- Rekneskap frå kommunen for *kalenderåret 2014* skal liggja føre innan 1. april 2015.

Er tildelinga på over kr 100 000, skal rekneskapen vera stadfesta av revisor. Er den ikkje over kr 100 000, kan han ev. stadfestast av økonomiansvarleg i kommunen.

Vi gjer merksam på at dersom kommunen har overført spelemidlar direkte til grunnskulane, må kommunen likevel rapportera etter dei premissane som vert gjort gjeldande i dette tildelingsbrevet.

Kommunen skal som tidlegare rapportere i nettbasert rapporteringsskjema, og fylkeskommunen er ansvarleg for å følgje opp rapportane frå kommunane. Nærare informasjon om pålogging og nettadresse kjem.

6. Spesifisering av tildeling av spelemidlar til kommunane.

DKS i Hordland løyver totalt kr 3 064 886 i denne tildelinga:

Askøy	kr 248 128	Meland	kr 90 250
Austevoll	kr 85 235	Modalen	kr 24 647
Austrheim	kr 40 433	Odda	kr 77 332
Bømlo	kr 145 140	Os	kr 163 114
Eidfjord	kr 26 214	Osterøy	kr 126 183
Etne	kr 59 795	Radøy	kr 70 757
Fedje	kr 25 292	Samnanger	kr 46 990
Fitjar	kr 51 660	Stord	kr 168 713
Fjell	kr 254 665	Sund	kr 95 828
Fusa	kr 88 546	Sveio	kr 82 261
Granvin	kr 26 767	Tysnes	kr 61 202
Jondal	kr 27 136	Ullensvang	kr 71 846
Kvam	kr 123 229	Ulvik	kr 27 505
Kvinnherad	kr 209 886	Vaksdal	kr 66 302
Lindås	kr 181 203	Voss	kr 175 335
Masfjorden	kr 44 839	Øygarden	kr 78 451

Lindås kommune har fått tildelt **kr 181 203**.

Midlane vert overført etter at vi har motteke rekneskap for kalenderåret 2013.

Det er ein føresetnad at dei tildelte midlane vert plassert på renteberande konto. For kommunar som mottek over 100 000 kr av spelemidlane er det eit krav at renteinntektene av dei tildelte midlane går til føremålet. For kommunar som mottek under 100 000 kr av spelemidlane, er det eit ønskje, men ikkje eit krav, om at rente-inntektene går til føremålet.

Ta kontakt dersom noko er uklart.

HFK ser fram til vidare samarbeid om DKS.

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny Skaar
utviklingssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Else Iren Westervik